



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Storehagen Atrium, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06.05.2019 og 07.05.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>6. mai: 11:00 – 18:00 og 7. mai: 09:00 – 11:45</b>

<b>Faste medlemmer til stades:</b>	Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Karoline Bjerkeset
<b>Forfall til møtet:</b>	Lise-May Sæle, Frode Bøthun
<b>Varamedlemmer til stades:</b>	Solfrid Fossberg
<b>Til stades med møte- og talerett:</b>	Alvhild Orvedal, Løn- og rekneskapssjef (sak 24/19); Eva Moberg, Fylkeskonservator (sak 27/19); Anne Silje Sylvarnes (sak 28/19) Marianne Vara, SF revisjon IKS (sak 24/19)
<b>Sekretariat for møtet:</b>	Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Karoline Bjerkeset vart vurdert til å vere inhabil i behandling av sak 25/19 ref. Fvl. §6 2. ledd.

Det vart gjennomført fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune måndag 6. mai kl. 12.00 – 18.00.

Agenda for fellesmøtet:

12.00 – 12.45	Lunsj
12.45 – 13.30	Orientering om status med regionsreforma v/prosjektleder Rune Haugsdal
13.30 – 14.30	Orientering om ny personvernlov v/personvernombod Marianne Seim
14.45 – 15.45	Orientering frå næring og kultur (kulturdelen) v/assisterande fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad og orientering frå avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune v/fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd
16.00 – 18.00	Drøfting av fellessaker som reglement, budsjett, status anbod revisjon etc.

## **SAK 24/19      Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2018**

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune slik den ligg føre.

-----

## **SAK 25/19      Trivselshagen IKS - Forvaltningsrevisjon - Prosjektplan**

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Prosjektplanen vert godkjent som framlagd
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon seinast 16. september 2019

-----

## **SAK 26/19      Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 6. mai 2019**

### **Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart behandla i møtet:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a. Desisjonssaka (18/1476)

*Desisjonssaka er under arbeid og i rute. Orienteringa vart teken til vitande.*

2. Medlemsnytt frå FKT

*Folkevaldopplæring – Viktig å få med gode forelesarar for å skape interesse og ikkje bruke for mykje «tekniske» framstillingar. Bruk av gode case er formålstenleg.*

*Vedlagde Informasjonsskriv vart tekne til vitande.*

3. Orientering etter representantskapsmøte i Trivselshagen IKS v/Klaus Iversen

*Orienteringa vart gjennomgått før behandling av prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS i sak 25/19.*

*Orienteringa vart teken til vitande.*

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

*Kontrollutvalet går inn for at kontrollsjefen arbeider med kontrollutvalssaker til Hordaland fylkeskommune i ei viss utstrekning ut året. Kontrollsjefen må sjølv avgjere omfanget.*

*Kontrollutvalet diskuterte eventuell ordning for at kontrollutvalsmedlemmer kan stille i sine partigrupper i framkant av fylkestinga for å legge fram kontrollutvalet sine saker som skal til fylkestingsbehandling. Utvalet går inn for at dette skal vere mogeleg slik at kontrollutvalssakene vert betre kjende til fylkestingsbehandling. Den enkelte sender søknad til kontrollsjefen om dekning av møtegodtgjersle, reisekostnader og diett i samband med slike møte.*

*Kontrollutvalet ba kontrollsjefen ta med oppmøte i partigruppene før fylkestingsbehandling av kontrollutvalssaker, som innspel i saka om reglement, der ein vil legge opp til at kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemmer i fylkestinget har høve til å få dekka reise- og diett i tillegg til møtegodtgjersle for å delta på gruppemøte i framkant av fylkesting der kontrollutvalssaker er på sakskartet.*

-----

**SAK 27/19 Forvaltningsrevisjon - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - oppfølging av vedtak i FT-sak 10/17**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Rapport datert 28. mars 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 10/17 til å vere oppfølgt

-----

**SAK 28/19 Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - oppfølging av vedtak i FT-sak 34/18**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vedlagde statusrapport frå fylkesrådmannen vert teken til vitande.
  2. Oppfølging av vedtaket i FT-sak 34/18 er avslutta.
-

**SAK 29/19      Oppfølgingsliste 3 - 2019**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 3 – 2019 vert teken til vitande

-----

**SAK 30/19      Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 1. april 2019**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon til vitande

-----